
Saksnr: 2020/79309-1
Saksbehandlar Bjørn Skorpa Eikeland
Dato: 17.12.2020

Detaljreguleringsplan for Teigaberg-Rindarane, søknad om fråvik frå krav om stoppsikt i N100 pkt. D.10 - oppfølging av vedtak

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg gjev med dette ei orientering om oppfølging av vedtak i hovudutval for samferdsel og mobilitet 03.06.20, sak 51-2020. I vedtak vart handsaming av fråvik i forslag til reguleringsplan for Teigaberget - Rindarane på Kvamskogen utsett i påvente av vidare dialog med utbyggjar og synfaring.

Bakgrunn

Geoplan AS har søkt om fråvik frå kravet til avstand mellom kryss og tunnelmunning i vegnormalen (N100). kravet er at det skal vere minimum 2 ganger stoppsikt avstand mellom kryss og tunnelmunning. Stoppsikten vert i hovudsak bestemt av fartsgrensa og vegklassen. Det er søkt om fråvik for å plassere kryss med tilkomst til planlagd hyttefelt om lag 125 meter frå munningen til Teigabergtunellen på fv. 49. Dette er mindre enn kravet i N100.

Fråviksgruppa i Vestland fylkeskommune har i si handsaming rådd ifrå å innvilge fråvik frå kravet i N100. Då saka vart handsama i Hovudutval for samferdsel og mobilitet 03.06.20 vart følgjande vedtak fatta:

Saksprotokoll 03.06.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Gunnar Moland (H) sette fram slikt forslag:

- 1. Saka vert utsett.*
- 2. Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber fylkesdirektøren gå tilbake til søkar, og om mogleg gjennom befarig og dialog sjå om det er mogleg å komme fram til ein akseptabel løysing for nytt kryss på FV49 ved Teigabergtunellen på Kvamskogen.*

Avrøysting til utsetjingsforslaget

Moland sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Vedtak

- 1. Saka vert utsett.*
- 2. Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber fylkesdirektøren gå tilbake til søkar, og om mogleg gjennom befarig og dialog sjå om det er mogleg å komme fram til ein akseptabel løysing for nytt kryss på FV49 ved Teigabergtunellen på Kvamskogen.*

Det vart 07.12.20 gjennomført synfaring ved Teigaberget på Kvamskogen for å sjå på plassering av tilkomst til planlagd hyttefelt i forhold til austre munning til Teigabergtunellen på fv. 49. I tillegg til Infrastruktur og veg (INV), var politisk leiing og sakshandsamar i Kvam herad, utbyggjar m/planleggjar, Statens vegvesen og råka grunneigarar til stades.

Utbyggjar presenterte 3 ulike løysingar for plassering av kryss i høve tunnelmunning. Det eine alternativet viste kryss plassert 160 meter frå tunnelmunning. INV vurderer at dette er i tråd med krav til 2 gangar stoppsikt avstand mellom tunnelmunning og kryss dersom ein legg til grunn 70 km/t fartsgrense og vegklasse Hø1. Denne løysinga medfører difor at krav om fråvik fell bort.

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg gav på synfaringa tilbakemelding om at denne løysinga er i tråd med krav i vegnormalen og akseptabel med omsyn til trafikktryggleiken. Utbyggjar kan difor ta utgangspunkt i denne løysinga i den vidare planlegga. Dette føreset at vår innstilling på reduksjon av fartsgrense frå 80 km/t til 70 km/t vert vedtatt av Statens vegvesen.

Utbyggjar utarbeider forslag til løysing som vert oversendt INV og Statens vegvesen for gjennomsyn og uttale. Utbyggjars oppsummering etter synfaring er vedlagd.

Vedlegg

- 1 Oppsummering av synfaring 07.12.20